

# Informasjonsskriv til tilsette – 18. juni 2020



Volda  
kommune

## **Kjære medarbeidar i Volda kommune,**

Sist fredag var det felles møte mellom ordførarane og kommunedirektørane på søre Sunnmøre. Der fekk vi m.a ein presentasjon av Helseplattforma. Dette handlar om eit felles journalsystem for kommunehelsetenesta, fastlegane og spesialisthelsetenesta. I dagens situasjon opplever helsepersonalet at informasjonsinnhenting er tidkrevjande, at journalsystema er uoversiktlege og at det er mangelfull kommunikasjon mellom tenestene. Helseplattforma er namnet på eit felles prosjekt mellom Helseforetaket og kommunane i Midt-Norge og skal innfri den nasjonale målsettinga «En innbygger – en journal». No er leverandør valt, og systemet skal installerast og setjast i drift puljevis hos foretaket, legekontora og i kommunane. Utan at det til no er framkome treffande tal, så får vi indikasjonar på at det vil medføre ein del kostnader med å innføre helseplattforma. Innføringa vil vere ei stor organisasjonsutvikling. Det vil involvere heile helse og omsorg med nye rutiner og opplæring. Prosessen må planleggjast godt for at vi skal få god effekt i form av forenkling, effektivisering og meir heilskapelege tenester for pasienten. Vi kan velje mellom to innføringsløp. Kommunane på søre Sunnmøre må avgjere når vi skal tiltre opsjonen i oktober i år eller mars neste år. Da startar planleggingsfasen på 7 månader med påfølgjande 12 månaders innføringsfase.

I møte med verneomboda og hovudverneombodet førre veke kom det fram at koronasituasjonen har vore krevjande ute på arbeidsplassane, men at den også har gitt positive erfaringar i nye måtar å jobbe på. Desse erfaringane bør ein ta med seg vidare. Avviksrapportering og bruken av kvalitetssystemet Compilo var også tema i møtet. Helse- og omsorgssektoren har lang tradisjon for å registrere avvik. Det er litt meir varierende i dei andre sektorane. Det kan dels skuldast ulik forståing av kva som er eit avvik, og når det skal meldast. Avviksmelding er viktig for å ha oversikt over kva som kan forbeistrast. Når ein arbeider systematisk med dette, er det eit godt verkty for læring og kvalitetsutvikling. Dette inneber at avvik vert meldt. Vidare at det vert teke ut statistikkar og involverer tilsette i kva det er behov for å endre.

I går hadde vi ei temasamling om digitalisering i leiarteamet mitt saman med Paul Ottar Tornes som vår ekspert og støttespelar på digitalisering. Digitalisering handlar om tenesteutvikling og forenkling av arbeidsprosessar. Dette er den nye kvardagen. Den enkelte tilsette vert stadig utfordra frå manuelle tenkeprosessar til korleis ein kan ta ut synergjar gjennom teknologien. Systema gjer mykje av dei jobbane som før vart gjort manuelt og ofte ulike stader i organisasjonen. No vert data automatisert og samordna. Mange i administrasjonen får endra forventingane til oppgåveutføring, der ein må søkje samarbeid på tvers i organisasjonen for å utnytte moglegheitene i systema.

Vi er opptekne av at Volda kommune skal vere ein utviklingskommune. Vi skal vere langt framme på tenesteutvikling og samfunnsutvikling. Digitalisering er ein del av dette. Det skal vere spennande å jobbe i Volda kommune framover. Utviklings- og endringsprosessar er krevjande, men det er da vi får brukt ressursane våre. Det gir meirverdi for kommunen, det lokale arbeidsmiljøet og den enkelte.

Kommunen si kriseleiing vil vere operativ også gjennom sommaren. Dersom situasjonen eskalerer, og kommunen må etablere ekstraordinære tiltak, må tilsette vere budde på at ein kan verte attendekalla frå ferie for å sikre at kommunen har god nok beredsskap og kan ivareta nødvendig helsehjelp. Eg vil minne om dei grunnleggjande smittevernreglane. Hald avstand, vask hendene ofte og hald deg heime dersom du er sjuk. Det er viktig å ikkje gløyme dette i ferietida, og at ein kjem frisk attende på jobben. Og når ferien er over, er dette framleis like viktig.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:  
<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Eg vil rå til at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert.

Eg ynskjer deg ei god helg når den tid kjem.

**Beste helsing**  
**Rune Sjugard**  
**Kommunedirektør**